# ÅRSMELDINGA. (1993)

I året 1993 har desse sitt i styret: Petter Sande (formann), Jan Bugge (nestformann), Svein Helge Bringsvor (kasserar), Kristin (styremedlem) og leiar i fotballgruppa Endre Vorren.

Året har hatt ei mengd aktivitetar sjølv om vi berre har hatt eitt lag påmeldt i fotballserien. Verd å nemne er satsinga på Bingo i Fiskarheimen i sommar. Mykje folk fann vegen til lokalet, og for laget utgjorde dette eit fint tilskott i klubbkassa på ganske nøyaktig 6000 kroner.
Vi har også arrangert fire dansar, med "Reddik" sin sommardans som eit høgdepunkt og 177 betalande dansegjester.

Laget har hatt seks styremøte, og ei spesiell takk til Jan Bugge for at vi nytta stova hans til dette føremålet. Laget nytta i år ein ny måte å verve medlemmer på; nemleg gjennom Posten. Tiltaket vart ein suksess, og i år har vi hatt (?) vaksne og (?) born som medlemar i laget, til saman 82 stk.

Trimgruppa har i år hatt Gudbjørg Våge som leiar, spesielt har turane til Dollsteinhola opplevd ein auke. Vi har i år arrangert ein OL-marsj, denne gongen rundt Vågen.

Sandsøy-cupen hadde i år med
Gursken, Kvamsøy og Gjerdsvika som gjestande
lag. For andre året på rad vann vi denne
cupen, vi slo Kvamsøy i finalen etter
straffesparkkonkurranse. A-laget opplevde
ein fin sesong og leia faktisk tabellen
etter halvspelt serie. Mot slutten
butta det litt imot på haustsesongen,
men sett under eitt ein sesong å vere stolte av.

Økonomien i laget er god. Tilstellingane
og bingoen må ta hovudansvaret for
det fine resultatet.

E.J.